



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Vegtilsynet Voss
Uttrågata 38
5700 VOSS

Deres ref

Vår ref

Dato

21/2311-8

16. februar 2022

Supplerende tildelingsbrev nr. 1 - Fellesføringer om konsulentbruk i staten og lærlinger

Samferdselsdepartementet viser til tildelingsbrevet for 2022 for Vegtilsynet, der det er gitt to fellesføringer fra regjeringen. Rundskriv H-1/2022 av 17. januar 2022 fra Kommunal- og distriktsdepartementet orienterer nærmere om fellesføringene og oppfølgingen av disse. Rundskrivet følger vedlagt. Vegtilsynet skal legge til grunn fellesføringene slik de er formulert i tildelingsbrevet, pkt. 4.7.

Departementet vil følge opp fellesføringene i etatsstyringsdialogen i 2022. Vi presiserer følgende om oppfølgingen:

Fellesføring om konsulentbruk

Det fremgår av rundskrivet at det er et mål at virksomhetene innhenter en sammenstilling av alle konsulentkjøp i 2021. Kommunal- og distriktsdepartementet vil komme tilbake med et mer konkret opplegg for hvordan dette skal gjennomføres. Vegtilsynet behøver ikke starte dette arbeidet før det kommer nærmere konkretiseringer. Det samme gjelder rapporteringen av etatens tiltak for å redusere konsulentbruken i årsrapporten for 2022.

Videre fremgår det at Kommunal- og distriktsdepartementet har regnet ut konsulentbruk i forhold til lønnsutgifter basert på statsregnskapet for 2020. Samferdselsdepartementet med underliggende etater hadde en konsulentandel som varierte mellom 7,6 pst. og 56,6 pst. For Vegtilsynet var andelen 8,7 pst.

Basert på regnskapstallene for 2021 vil Samferdselsdepartementet be etaten redegjøre for konsulentbruken og konsulentbruk i forhold til lønnsutgifter på etatsstyringsmøtet om årsrapporten 31. mars 2022.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikksikkerhetsavdelingen

Saksbehandler
Thomas Tørmo
22 24 83 12

Direktoratet for forvaltning og økonomistyring arbeider nå med retningslinjer for konsulentbruk i staten. Når retningslinjene foreligger, vil departementet vurdere videre oppfølging overfor underliggende etater.

Fellesføring om lærlinger

Det fremgår av rundskrivet at departementene skal følge opp hvordan etatene gjennomfører fellesføringen om lærlinger. Samferdselsdepartementet har i pkt. 4.7.2 i tildelingsbrevet bedt Vegtilsynet redegjøre for sin oppfølging i ifb. årsrapporten for 2022, herunder om etaten har lærling og innenfor hvilket fag, samt hvilket opplæringskontor etaten er tilknyttet. Informasjonen vil brukes som grunnlag for erfaringsutveksling mellom etatene underlagt Samferdselsdepartementet.

Vi ber Vegtilsynet vurdere om det er virksomheter i samme geografiske område eller med et tilsvarende ansvarsområde som det kan være naturlig å samarbeide med (slik at en lærling kan oppnå kompetansemål i læreplanen) eller etablere nettverk sammen med.

Vi ber for øvrig Vegtilsynet merke seg punktet i rundskrivet om ytterligere informasjon og veiledning.

Med hilsen

Siri Hall Arnøy (e.f.)
underdirektør

Thomas Tørmo
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Vedlegg

Kopi
Riksrevisjonen



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Rundskriv

Departementa

Nr.	Vår ref	Dato
H-1/2022	22/1285-1	17. januar 2022

Fellesføringane 2022

Regjeringa har gjeve sin tilslutnad til at offentlege verksemder skal få to fellesføringar i til-
delingsbrevna for 2022:

- 1) *Redusere konsulentbruken*
- 2) *Knytte til seg lærlingar kor talet på lærlingar skal stå i eit rimeleg høve til storleiken på verksemda.*

Formålet med dette rundskrivet er å orientere departementa nærare om fellesføringane.
Grunnlaget for fellesføringar som verkemiddel er gjort greie for i [rundskriv P 2/2009 av 14. mai 2009](#).

1) Redusere konsulentbruken

*"Arbeidet med effektivisering utgjer ein integrert del av den ordinære styringsdialogen mellom departement og verksemd, og fylgjer dei allmenne prinsippa for styring i staten. I 2022 skal <verksemda> arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å nytte interne ressursar og kompetanse. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal te-
nester frå kommunikasjonsbransjen som hovudregel ikkje nyttast.
<Verksemda> skal rapportere om konsulentbruken i årsrapporten for 2022."*

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Sakshandsamar
Postboks 8112 Dep	Akersg. 59	22 24 90 90	Avdeling for IT- og for- valtningspolitikk	Tom Arne Nygaard
0032 Oslo		Org. nr.		22 24 49 71
postmottak@kdd.dep.no	www.kdd.dep.no	972 417 858		

1. Regjeringas mål med fellesføringa

Regjeringa har sagt klart frå om at konsulentbruken i staten skal reduserast. Det er eit mål at statsforvaltninga skal ha ei årleg kostnadsinnsparing. I Hurdalsplattformen seier regjeringspartia at regjeringa vil:

- kutte i konsulentbruken i staten ved å utvikle eigen kompetanse
- kraftig redusere kjøp av tenester frå kommunikasjonsbransjen som statlege verksemdar gjer. Utover informasjons- og haldningskampanjar skal ein som hovudregel ikkje nytte slike tenester.
- sørge for at store IKT-prosjekt i offentleg sektor skal styrast på ein ny og betre måte basert på tett involvering av brukarar og tilsette, og ved å byggje opp kompetanse i eigen organisasjon framfor å kjøpe konsulenttenester.

Ifølge statsrekneskapen brukte staten 12 milliardar kroner på kjøp av konsulenttenester i 2020. Til samanlikning var dei totale lønnsutgiftene på i overkant av 130 milliardar kroner. Konsulentbruken utgjorde med dette nesten 10 pst. av lønnsutgiftene. For einssilde verksemdar utgjorde denne delen mange hundre prosent.

Tabellen nedanfor syner fordelinga av utgiftene til kjøp av konsulenttenester på fire underkategoriar.

Konsulenttenester i 2020 (mill. kr) fordelt på artskodar og type verksemd	
670 Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss	430
671 Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar mv.	5 315
672 Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjonsrådgjeving mv.	657
673 Andre konsulenttenester, under dette konsulenttenester til samferdsleprosjekt	5 567
Sum	11 969

Som det går fram av tabellen, er tala for konsulentbruken i statsrekneskapen på eit aggregert nivå. Vi har til dømes ikkje høve til å skilje mellom organisasjonsutvikling og kommunikasjonsrådgjeving under artskonto 672 i dag. Det er eit mål at verksemdene skal hente inn ei samstilling av alle konsulentkjøp som departement og underliggjande verksemd har gjort i 2021. Vi vil kome attende med eit meir konkret opplegg for korleis dette skal gjennomførast.

2. Døme på korleis ein kan gå fram for å redusere konsulentbruken

Departementa med underliggjande verksemdar har ulike rammevilkår og ulike motiv for å kjøpe inn konsulenttenester. Dei viktigaste drivarane¹ for private og offentlege tingarar av konsulenttenester er:

- Behov for fagkompetanse som det ikkje er føremålstenleg å ha internt på permanent basis.

¹ Abelia (2017): Verdien av gode råd – Rådgivnæringsens størrelse og betydning i Norge.

- Mangel på kapasitet til å gjennomføre oppgåva sjølv.
- Mangel på kapasitet/røynsle til å løyse krevjande eller nye problemstillingar
- Behov for ekstern/uavhengig vurdering for å legitimere avgjersler.

Verksemdene bør ha klart for seg kva slags behov dei har for å kjøpe konsulenttenester. Ein slik gjennomgang kan vere eit utgangspunkt for å vurdere om det er mogeleg å dekke behovet gjennom å byggje opp eigen intern kapasitet og kompetanse. DFØ arbeider med å ferdigstille retningslinjer for statleg konsulentbruk, som verksemdene kan nytte her.

Dei ulike verksemdene i statsforvaltninga varierer betydeleg i storleik. Alt anna likt må ein forvente at kostnadene til konsulentkjøp vil vere større for store verksemdar enn for små. For å justere for ulik storleik kan man rekne ut utgifter til konsulentar i høve til totale lønnsutgifter. Denne delen kan takast som utgangspunkt for etatsstyringsdialogen om kor avhengig verksemda er av å bruke eksterne konsulentar. Slike tal kan reknast ut med utgangspunkt for statsrekneskapen. Førebels finst berre årstal for 2020, men i løpet av fyrste halvår vil det også kome årstal for 2021. KDD har gjort slike utrekningar for 2020 for alle verksemdene. Tala kan ein få ved å ta kontakt med KDD.

Vi understrekar at utrekningane av konsulentdelen berre vil vere ein fyrste indikasjon på i kva grad ein er avhengig av konsulentar. Delen kan til dømes vere låg fordi lønnskostnadene omfattar aktivitetar med liten relevans for analysen. Og delen kan vere høg pga. spesielle oms-tende, som koronakrisa vi fekk i 2020.

3. Kva ventar ein av departementa?

Departementa skal ta fellesføringa inn i tildelingsbrevane sine, vise til rundskrivet og følge opp verksemdene i korleis dei gjennomfører fellesføringa. Etter KDD si vurdering skjer oppfølging best gjennom den ordinære styringsdialogen.

Departementa bør også leggje til rette for rettleiing til underliggjande verksemdar, og for erfaringsutveksling mellom verksemdene, mellom anna ved å vidareformidle gode døme.

I tildelingsbrevet for 2022 har KDD bedt DFØ om å setje av ressursar til å følge opp arbeidet med retningslinjene for konsulentbruk i dialog med departementa, og å gi råd og fagleg bistand om bruk av konsulenttenester i staten. Departementa skal støtte DFØ i dette arbeidet.

4. Kva ventar ein av verksemdene?

Verksemdene skal, i dialog med overordna departement, følge opp fellesføringa om konsulentbruken i staten. I dette ligg at verksemdene skal arbeide for å redusere konsulentbruken på område der det ligg til rette for å utnytte interne ressursar og kompetanse.

I årsrapporten skal verksemdene gjere greie for arbeidet med å redusere konsulentbruken. KDD vil kome attende til et nærmare opplegg for denne rapporteringa.

2) Knytte til seg lærlingar kor talet på lærlingar skal stå i eit rimeleg høve til storleiken på verksemda.

"Statlege verksemdar skal ha lærlingar knytte til seg kor talet på lærlingar skal stå i eit rimeleg høve til storleiken på verksemda. Verksemdar med meir enn 75 tilsette skal til kvar tid ha minst ein lærling, og større verksemdar bør ha ambisjon om fleire enn ein lærling. <Verksemda> skal også kvart år vurdere om det er mogleg å tilby opplæring i nye lærefag og om ein kan auke talet på lærlingar. Alle statlege verksemdar skal knytte seg til opplæringskontoret OK stat eller eit anna opplæringskontor.

I årsrapporten skal <verksemda> rapportere følgande:

Talet på lærlingar, om det er vurdert å auke talet på lærlingar og eventuelt innafor kva for fag saman med kva for opplæringskontor verksemda er knytt til. Verksemdar som ikkje har oppfylt krava, må gjere greie for årsaka til dette og kva dei har gjort for å oppfylle krava."

1. Regjeringa sitt mål med fellesføringa

Satsinga på å auke talet på læreplassar i staten er forankra i Hurdalsplattformen. Regjeringa vil sikre læreplass for alle ungdommar som er kvalifiserte etter Vg2 i samarbeid med fylkeskommunane og arbeidslivet. Etter at det administrative styringskravet om minst ein lærling i statlege verksemdar med over 100 tilsette kom i 2015, auka talet på lærlingar i 2016, for så å flate ut. Blant 130 statlege verksemdar med over 100 tilsette har rundt 65 prosent teke inn minst ein lærling (NIFU-rapport 2020:11).

I 2020 var det 7000 søkjarar som stod utan læreplass som dei trong for å fullføre utdanninga si. Arbeidet med å skaffe fleire læreplassar er difor høgt prioritert for denne regjeringa. Staten må gå føre og ta eit medansvar for dette.

Målet er at fellesføringa kan bidra til at fleire ungdommar får læreplass slik at dei får fullført utdanninga si.

2. Korleis arbeide med fellesføringa

Arbeidet med fellesføringa vil inngå som ein del av styringsdialogen mellom departement og den einskilde verksemda. Departementa skal ta fellesføringa inn i tildelingsbrevane sine, vise til rundskrivet og følge opp korleis verksemdene gjennomfører fellesføringa.

Det er viktig at ein sikrar at informasjon om lærlingsatsinga når ut til alle ledda i verksemda (avdelingar, regionale einingar). Mindre verksemdar og regionale einingar kan ha ein type arbeidsoppgåver som passar lærlingane betre enn oppgåver som departement og direktorat har. Departementa bør leggje til rette for rettleiing til verksemdene innanfor sitt departementsområde om lærlingordninga og vere pådrivar for erfaringsutveksling og etablering av nettverk mellom verksemdar.

Kompetansekartlegging i ei verksemd med tanke på nye lærefag er eit godt hjelpemiddel i arbeidet med å få fleire lærlingar. Fleire verksemdar har også god røynsle med såkalla opplæringsringar. Det inneber at fleire verksemdar samarbeider slik at lærlingen kan oppnå kompetansemåla i læreplanen.

3. Rapportering

I årsrapporten for 2022 skal verksemda rapportere følgande:

Talet på lærlingar, om det er vurdert å auke talet på lærlingar og eventuelt innanfor kva for fag og også kva for opplæringskontor verksemda er tilknytt. Verksemder som ikkje har oppfylt krava, må gjere greie for årsaka til dette og for kva dei har gjort for å oppfylle krava.

4. Ytterlegare informasjon og rettleiing

Verksemdene kan kontakte Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) v/OK stat for nærare råd og rettleiing. På Arbeidsgiverportalen er det generell informasjon og rettleiing om ulike verktøy og metodar som verksemdene kan nytte.

Med helsing

Jan Hjelle (e.f.)
ekspedisjonssjef

Asgeir Fløtre
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk signert og har ikkje håndskrivne signaturar

Kopi:
Statsministerens kontor
Riksrevisjonen
Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ)